



Siv. Ing. Vidar Mjøs
Fabrikkgaten 7 B
5059 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/3379 - 15/31081

Saksbehandlar:
Benjamin Hicks
Benjamin.Hicks@lindas.kommune.no

Dato:
29.09.2015

Arkivering av søknad utan handsaming - gbnr 115/1 Kårdal

Vi viser til Dykkar søknad, motteken med vedlegg den 18.09.2015.

Vurdering

Søknaden kan ikkje handsamast på grunn av blant anna fylgjande tilhøve:

Ansvarsrett

Det er ikkje sendt inn naudsynte søknader om ansvarsrettar eller gjennomføringsplan

Nabovarsel

Vi kan ikkje sjå at det er utført tilstrekkeleg varsling. Gjenparten av nabovarselet er ikkje sendt inn. Innsendt «kvitteringsliste» oppfyller ikkje krava om varsling.

Dispensasjonssøknad

Det er ikkje sendt inn søknad om dispensasjon frå arealføremålet eller reguleringsplankravet i pbl § 12-1. Landbrukssjefen har uttalt at dette ikkje er eit landbrukstiltak.

Signatur

Søknaden er ikkje signert av tiltakshaver. Tiltakshavar sin signatur skal vere påført søknaden når den ikkje vert sendt inn via byggsøk.

Gebyr

Søknadspliktige tiltak vert gebyrlagt i medhald av kommunen sitt gebyrregulativ. Det vert sendt faktura til tiltakshavar.

Referanse til gebyrregulativet:	Tal:	Sum:
10.2.11 Avvist sak som krev bruk av kvalifisert føetak	1	2.200
Totalt å betale:		2.200

Vedtak:

Søknaden vert arkivert utan handsaming, då den ikkje tilfredstiller lovgivinga sine krav. Dersom de ynskjer at omsøkte tiltak skal realitetshandsamast, kan de sende inn ny kvalitetssikra søknad til kommunen. Vi gjer merksam på at det er andre avvik i saka.



Klagerett

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jfr. fvl. § 28. Klagefristen er 3 veker frå den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagd innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til etaten som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Vilkår for å reise sak for domstolane om vedtaket:

Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gildskapen av vedtaket eller krav om erstatning som fylgje av vedtaket, ikkje kan reisast utan at vedkomande part har nytta høve til å klage på vedtaket, og at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som står open (fylkesmannen). Søksmål skal likevel i alle tilhøve kunne reisast når det er gått 6 månadar frå klage fyrste gong blei levert, og det ikkje er grunna forsømming frå klagar si side at klageinstansens avgjerd ikkje føreligg jf. forvaltningsloven § 27 b.

Med helsing

Tor Hegle
avdelingsleiar

Benjamin Hicks
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Raymond Kårdal

Hopsvågen 81

5953

FONNES

Mottakarar:
Siv. Ing. Vidar Mjøs

Fabrikkgaten 7 B 5059

BERGEN